

Fra: Ivar Are Veen <ivarare@gmail.com>
Sendt: 16. mars 2016 06:45
Til: Ottesen Bård Andreas Selstad
Emne: Storavatnet

Ivar Are Veen
Veen1
4389 Vikeså

NVE-Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0131 Oslo

Høyring av søknad med konsekvensutreiing for uttak av drikkevatn frå Storavatnet/Birkelandsvatnet i Bjerkreim kommune i Rogaland.

Viser til brev datert 31.01.2014 sendt til dykk, som tek for seg framtidige planar for gardnr.48.bruknr.1 i Bjerkreim kommune.
Ønsker at desse prosjekta vert teke med i konsekvensutreiinga.

Har dessuten eit anna spørsmål til IVAR som tek for seg temperaturen på drikkevatnet. IVAR seier Norske helsemyndigheter har eit sterkt fokus på at det gjer ein helsemessig positiv effekt dersom fleire brukar vatn som tyrstedrikk i staden for sukkerhaldige væsker. Det skal også ha kome klagar frå eigarkommunane med tilhøyrande publikum om at eit kaldare drikkevatn i somarhalvåret er ynskeleg.

Med uttak frå Storavatnet vil alle som har klaga på dette få eit kaldt drikkevatn på nokså nøyaktig 5 gradet året rundt, istaden for dagens temperatur som varierar frå 5 til opp mot 17 grader Celsius.
Men dette har utan tvil sin pris!
Alt vatnet ein familie ikkje drikk skal i ulik grad varmast opp, med unntak av det å vaska bilen å vatne plenen.

Eller sagt på ein annan måte:
Alt vatn som i dag vert oppvarma, enten me kallar det drikkevatn eller industrivatn, må med nytt drikkevannsuttak frå Storavatnet/Birkelandsvatnet varmast opp 5-6 grader Celsius meir enn nå. Dette vil utan tvil koste enormt og er noko som talar for å ikkje byggje ut og heller bruke ressursane på å tette ledningsnett.

Det å få rutine på å setje ei mugge med vatn i kjøleskapet ein varm sumardag kan vera noko av det mest lønnsame ein familie gjer.

Mvh Ivar Are Veen

Grunneigar i nerslagsfeltet.

Mvh Ivar Are Veen